



Radøy kommune

Prosjektmandat

Prosjektnr	Saksnr. Websak	Namn	Godkjent rådmann
2711002	18/20	Austebygd barnehage småbarnsavd.	15.01.18
Tidsramme		2018-2019	
Organisering			
Oppdragsgjevar: Radøy kommune - kommunestyret			
Adm. styringsgruppe: Rådmannsgruppa			
Prosjekteigar: Olaf Hella			
Prosjektleder: Ingrid Didriksen			
Prosjektgruppe: Prosjektleder Ingrid Didriksen, leiar teknisk drift Einar Færø, rektor og barnehagstyrar Torunn Hovden, pedagogisk leiar barnehage (Magnild Nøttveit), rep. teknisk drift Yngve Kaarstad og Norconsult.			
Referansegruppe: skule/barnehage sitt verneombod, representant for reinhald Merete Fjellsende, representant frå råd for mennesker med nedsett funksjonsevne og representant frå andre tilsette.			
Bakgrunn og forankring			
Radøy kommune skal bygge småbarnsavdeling (tilbygg til eksisterande bygg) ved Austebygd barnehage. Pr i dag er det ikkje småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage. Austebygd barnehage er i dag ein 2-5 års barnehage med 24 plasser. Ny barnehage skal ha ein storbarnsavdeling for 18 barn pluss småbarnsavdeling for 9 barn.			
Hovudmål			
Resultatmål:			
- Småbarnsavdeling (9 plassar) ved Austebygd barnehage, samt mindre oppgradering av uteområde.			
Effekt mål:			
- Gi eit heilskapeleg barnehagetilbod for aldersgruppa 1-6 år i Austebygdkrinsen.			
Rammevilkår			
Økonomi/finansiering: Totalramma for prosjektet er kr 6 500 000, der kr 3 000 000 er sett av i budsjettet for 2018 og 3 500 000 i 2019. Prosjektet har ikkje vore på anbod. Kostnadsramme er basert på kostnadsoverslag utarbeidd av Norconsult, der tilbygget er			



Radøy kommune

estimert til ca kr 4,1 millioner. I tillegg kjem kostnad til uteareal, samt administrative og uforutsette kostnader.

Bruk av interne ressursar: Planleggingsfasen vil krevje bistand både frå Teknisk forvaltning og frå Teknisk drift, men det er grunn til å tru at omfang vil vere innafør ordinær drift. Teknisk drift vil m.a. ha vaktmester med i arbeidsgruppa.

Anbudsprosess: Prosjektet har ein kostnadsramme som krev at det vert lyst ut på Doffin i samsvar med lov om offentlege anskaffelser.

Planstatus og naudsynte løyver: Austebygd skule ligg i området som har arealføremål byggeområde for offentlig tenesteyting etter Kommuneplan for Radøy kommune, og tiltak vil i utgangspunktet være i tråd med plan.

Avgrensing:

1. Tilbygg småbarnsavdeling
2. Opparbeiding og mindre oppgradering av uteområde.

Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)

Utbygging samtidig som elevar og barnehagebarn brukar skulen/barnehagen og skulen/barnehagen sitt område: Kan føre til farlege situasjonar og skade på elevar. Det må difor sperrast av område der ein arbeider og ha klare instruksar for varelevering.

Plassering av bygget: Kan føre til at prosjektet vert dyrare, då ein må dele opp byggeprosess som kan forlenge byggetid.

Prosjektleiari har ansvar for at det vert utarbeidd prosjektplan og rapportert i henhold til plan.

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av